



# DEN NORSKE KYRKJA

## Ålhus sokneråd

## Møtebok

Styre, råd og utval <b>Ålhus sokneråd</b>	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato <b>12.02.26</b>
Arkiv nr.	Møtestart 19.30	Møteslutt 20.00

Til stades på møtet:

Magne Kristian Kvinge, (1. vara) Bernt Kjøsnes, Solveig Steenslid Lesto, Inger Johanne Klakegg, Ingvill Marie Støfringstøl, , Ingeborg Bråttvik Slåtten, Annette Svidal Slåtten, Alice Nesje

Meldt forfall:

**Saker 1-4/26**

Utskrifter:

Faste- og vara medlemmar (jf lister).

### Sak 1/26 Godkjenning av innkalling

Framlegg til vedtak: Innkallinga vert godkjent utan merknad  
Vedtak: Innkallinga vart godkjent utan merknad

### Sak 2/26 Godkjenning av Møtebok frå 27.11.25

Framlegg til vedtak Møtebok vert godkjent utan merknad  
Vedtak: Møteboka vart godkjent utan merknad

### Sak 3/26 Årsmøtedato 22. april for Ålhus sokneråd

Framlegg til vedtak:  
Årsmøtet for Ålhus sokneråd vert 22. april kl 18.00 i kyrkjestova på Vassenden kyrkjesenter. Etter årsmøtet vert det songkveld i kyrkjerommet og kveldsmat i matsalen til slutt.

Vedtak: Årsmøtet for Ålhus sokneråd vert 22. april kl 18.00 i kyrkjestova på Vassenden kyrkjesenter. Etter årsmøtet vert det songkveld i kyrkjerommet og kveldsmat i matsalen til slutt

#### **Sak4/26 Meldingar/orientering:**

- \* Neste soknerådsmøte vert i mars med gjennomgang/godkjenning av årsmeldinga og gjennomgang av rekneskap og budsjett ved Trond. Endeleg dato er ikkje fastsett.
- \* Takkebrev frå Normisjon for gåver i 2025
- \* Annette Svidal Slåtten tar hovudansvar for konfirmantfesten, fordeler oppgåver.
- \*Kirkens nødhjelps fasteksjon 23. mars (dør til dør aksjon) Alice Nesje har ansvar for den og ber om hjelp om ho treng det.
- \*Det har vore veldig dårlig frammøte med gudstenesta på Vassenden på 17. mai. Soknerådet klarte ikkje å finne ei løysing for ev endra kl.slett, og gjekk inn for å kutte ut gudstenesta på Vassenden, og oppmode folke om å reise til Ålhus og delta der. Leiar informerer prosten.

#### **Tilkomne saker:**

#### **Sak 5/26 Offersøknad**

Bjørgvin bispedømmekontor sende søknad om offergåve til prosjekt på Cuba. Vedtak: Ålhus sokneråd har vedteke offerlista for 2026, og kan ev ta søknaden til handsaming for 2027

#### **Sak 6/26 Søknad om støtte til ungdomskonferansen i Lyngdal sommaren 2026**

Det er kome søknad om støtte til å ta med ungdomar på «Follow-me» konferanse i Lyngdal sommaren 2026.

Vedtak: Ålhus sokneråd vil gje støtte til deltakaravgift for ungdomar frå Ålhus sokn med maks kr. 6.000,-

Inger Johanne Klakegg  
referent

